

# Storsøya

## EIN BOTANISK OASE

**På STORSØYA veks det bergflette nesten overalt. Ho kryp langs bakken og klatrar heilt til topps i trestammer. Saman med kristtorn, einer, barlind og ein uvanleg furuskog held ho øya grøn, året rundt.**


**F**rå Langenuen, sør for Jektevik, ser vi Storsøya som ei flat, tett skogdekt øy som skil seg sterkt frå dei nakne berga på Skorpo og nord på Huglo i bakgrunnen. Forklaringa er at Storsøya er tufta på ei sone

med kalkspatmarmor (omdanna kalkstein) som gir næring til plantene. Slikt berg blir òg lett oppløyst av surt regnvatn og humussyrer. Det er derfor vi finn opptil 3–4 meter djupe groper og furer i terrenget på øya. Desse fordjupingane blir kalla *karst* (®250)


Furuskogen på Storsøya er spesiell fordi han er kystnær og samstundes veks på kalkgrunn. Forutan vintergrønne buskar og tre er det ei rad artar av kalkkrevjande urter og gras i plantedeckket. I karstgroper er jorda litt djupare og held betre på fukta, og nokre artar trivst best her, til dømes falkbregne og krossved. I skogkanten og utover på strandberga veks planter som krev gode lysforhold og ikkje for tett vegetasjon. Til saman er det registrert 286 artar av karplanter. Det er svært mykje, for Storsøya er smal og berre éin kilometer lang.

Dei rike naturressursane på Storsøya vart tidlegare hardt utnytta. Skogen har vore bortimot snauhagd. Det kan forklara kvifor furutrea er einsaldrar og hovudsakleg yngre enn 100 år. Gran og edelgran som seinare vart planta, skal no takast vekke. Det har òg vorte teke ut kalk og marmorblokker (143). Dette kan vi tydeleg sjå spor etter i det store kalkbrotet søraust på øya.

Øya vart freda som landskapsvernområde i 1977. Seinare har forvaltinga endra status for området til ei strengare verneform som naturreservat. Hovudføremålet har vore å ta vare på det eineståande karstlandskapet og den sjeldne furuskogen.



NATUR-RESERVAT



**Furuskog:**  
bergfaks  
blåstorr  
falkbregne  
kusymre  
linnea  
lundgrønaks  
raudflangre  
sanikel  
vårmarhiand

**Strandberg:**  
bergperikum  
blodstorkenebb  
kantkonvall  
kystbergknapp  
rundskolm



Bergflette på furulegger. (Bjørn Moe)



Kalkbrotet på austsida av Storsøya er lett synleg i terrenget. (Svein Nord)

## BARLINDSKOGEN PÅ BRANDVIKNESET

Nord for Brandvik på Huglo fell fjellet bratt ned mot fjorden. Nedanfor vegen flatar landskapet ut i eit småkupert terreng mot fjorden. Denne sida av Huglo bøyrer til ei sone med skifer og marmor med skred- og forvittringsjord. Bergartane gir vekstgrunn for ein frodig, grovvaksen edellauvskog i veksling med storstamma furuskog. På oppsida av vegen dannar storvaksen barlind ein samanhengande, tett underskog, dels saman med kristtorn, svartor og hassel. Det finst knapt andre stader i Noreg så mykje barlind som på BRANDVIKNESET.

Det mogle barlindfrøet har ei saftig, sukkerrick raud kappe omkring frøet. Frøkappa er det einaste på barlindtreet som ikkje er giftig, og blir eten av fugl, særleg trast. Dermed blir treet spreidd over store avstandar, og kan slå rot på berghyller og andre utilgjengelege stader.

Av barlind blir utvunne stoffet taxol, som blir nytta i behandling av eggstokk- og brystkreft. Det har vore planar om å eksportera barlind frå Hordaland til bruk i lekjemiddelindustrien. Medisinen blir i dag framstilt av barlindbar importert frå Asia.

Mange barlinder, som i Møkjedalen på Varaldsøy (®251), er prega av stagnasjon, og det er nesten berre gamle, store individ som er fleire hundre år. Vi må tru at dei er restar av ei større utbreiing under varmetida for om lag 9000–4500 år sidan. Einskilde stader er tilgangen på frøplanter god, særleg i Sunnbordland og langs nordsida av Hardangerfjorden. På Brandvikneset er det uvanleg mange nye frøplanter. Det gjer denne barlindskogen til ein av dei mest livskraftige ber til lands. (Foto: Svein Nord)



LANDSKAPS-VERN-OMRÅDE

